



Statens vegvesen



Bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Askøypakken

I tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017-2018) vert det innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Askøypakken. Lokale myndigheiter har slutta seg til ordninga.

Nullutsleppskøyretøy er ei fellesnemning på elbilar og hydrogenbilar. Betaling av bompengar som nullutsleppskøyretøy krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke. Utan gyldig avtale og brikke, vil nullutsleppskøyretøy betale ordinær bompengetakst på lik linje med andre køyretøy.

Frå 1. januar 2019 vert takstane i Askøypakken som følgjer:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Ordinær takst	28,00	46,00
Takst nullutsleppskøyretøy	11,20	0

Bompengetakster for Askøypakken i 2018-kr.

Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt.

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer:

- Passasjerar i alle typar køyretøy
- Gåande og syklende
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merka gravferdsfølgje
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Rørslehemma med gyldig parkeringstillating*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Timesregel og passeringstak på 30 passeringar pr. månad for alle køyretøy med elektronisk brikke og gyldig avtale vert vidareført.

Takstendringa kan klagast inn til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.